



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Tokke kommune
Storvegen 60
3880 DALEN

Dato: 22.05.2026
Vår ref: 26/03356-2
Dykkar ref: 2024/826-40

Fråsegn til høyring av søknad om dispensasjon om prøveuttak av steinmassar gbnr. 48/1 i Tokke kommune

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 27. april 2026.

DMF er statens fagorgan og sektormyndigheit for mineralressursar og mineralverksemd. DMF skal bidra til auka verdiskaping gjennom å leggje til rette for ein langsiktig ressurstilgang basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilverking av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har i tillegg som sektormyndigheit eit særleg ansvar for at mineralressursar blir tekne omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Om saka

MTM Anlegg AS har søkt til Tokke kommune om dispensasjon for prøveuttak av fjellmassar på Grønliheia for å vurdere steinkvalitet, med avtale frå grunneigar. Tidlegare avslag på dispensasjon vart oppheva av Statsforvaltaren, og saka må difor handsamast på nytt. Den nye søknaden gjeld uttak på inntil 10 000 m³, der om lag 7 000 m³ allereie er førebudd etter stansa arbeid som vart sett i gong utan løyve. Dersom resultatet av prøveuttaket viser god kvalitet vil det bli starta opp arbeid med reguleringsplan og uttaksplan. Søkjer opplyser om at dei skal søkje til DMF om prøveuttak samstundes med at kommunen har saka til handsaming etter plan- og bygningslova.

Fråsegn frå DMF

Vi registrerer at det er sendt søknad til kommunen om prøveuttak av stein. DMF er myndigheit etter minerallova, og søknader om slike tiltak skal sendast til DMF for handsaming i samsvar med gjeldande regelverk¹. I tillegg til avtale med grunneigar krev prøveuttak særskilt løyve frå DMF, jf. minerallova² § 12. Løyve til prøveuttak kan ikkje givast for uttak av meir enn 2 000 m³ masse, med mindre det ligg føre særlege grunnar. Før løyve blir gitt, skal grunneigar, brukar av grunnen samt offentlege myndigheiter få høve til å uttale seg. Det kan setjast vilkår for løyvet.

¹ Prøveuttak introduksjon (DMF): <https://dirmin.no/soknad-om-tillatelse-til-proveuttak#step-01>

² Minerallova (2010): <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-101>



Kommunen sine vurderingar av fordelar og ulemper

Søkjaren har gjort greie for fordelar og ulemper i søknaden, og administrasjonen i kommunen sluttar seg til desse vurderingane. Tiltaket har klare samfunnsmessige fordelar, med sentral plassering nær hovudveg og gode transportløyningar for Vest-Telemark. Potensial for stein av høg kvalitet vil vere særleg positivt, då dette er ei mangelvare i regionen.

Ulempene er i hovudsak knytte til støv og støy, men avstanden til naboar gjer at verknadene blir avgrensa. Inngrepet i skog og natur er lite, om lag 5 dekar. Arealet skal setjast i stand i samråd med kommunen dersom vidare uttak ikkje er aktuelt, noko søkjaren har stilt seg positiv til, særleg med omsyn til synlegheit frå E134.

Etter ei samla vurdering veg fordelane tyngre enn ulempene. Kommunen legg til grunn at det kan setjast vilkår om at det berre blir sprengd ut om lag 7 000 m³ fjell som er klargjort. Dette vil i følgje kommunen vere tilstrekkeleg for å vurdere kvalitet og lønsemd, og er ei løysing søkjaren støttar.

DMF si vurdering

Når det gjeld kommunen si vurdering av naudsynt volum for å kunne vurdere kvalitet og lønsemd, har DMF ei anna oppfatning. Ei avgrensing på om lag 2 000 m³ vil, basert på DMF si erfaring, vere tilstrekkeleg for å vurdere om førekomstar av byggjeråstoff (pukk og grus) er drivverdig.

DMF finn likevel ikkje grunnlag for å råde kommunen frå å gje dispensasjon som arealavklaring for mellombels uttak. DMF har derfor ingen innvendingar mot at kommunen vurderer å gi dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 i denne saka, ettersom prøveuttak er rekna som av kortvarig og mellombels karakter. Derunder vil vi presisere at dersom kommunen opnar for eit uttak på inntil 7 000 m³ gjennom dispensasjon, gir ikkje dette automatisk rett til å ta ut tilsvarende volum etter minerallova. Prøveuttak må vurderast særskilt etter minerallova § 12 og innanfor rammene som følgjer av denne.

Når søknad til DMF om prøveuttak ligg føre, vil saka bli handsama etter gjeldande regelverk.

Vi legg til grunn vurderinga om at det skal utarbeidast reguleringsplan dersom ressursen eventuelt blir vurdert som drivverdig. Sida uttak i denne storleiksordenen som regel blir gjort gjennom etablert uttaksdrift og ikkje som prøveuttak, vil vi orientere om melde- og konsesjonsplikta etter minerallova.

Meldeplikt og konsesjonsplikt etter minerallova

For uttak over 500 m³ masse skal det sendast melding til DMF, jf. minerallova § 42³. Meldinga skal sendast til DMF minst 30 dagar før oppstart av drift. DMF kan i særlege tilfelle krevje at drivaren legg fram driftsplan for samla uttak mellom 500 m³ og 10 000 m³.

³ Før oppstart av uttak (DMF): <https://dirmin.no/oppstart-av-uttak>



Dersom uttaket overstig 10 000 m³ masse er det krav om søknad om driftskonsesjon før drift kan starte, jf. minerallova § 43. Søknad skal sendast til DMF, og rørde partar og lokale myndigheiter vil bli høyrde før konsesjon eventuelt blir gitt.

DMF orienterar her om at det er den *totale uttaksmengda*, og ikkje uttaksmengd pr. år, som er grunnlag for vurdering etter minerallova sitt verkeområde.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du òg vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonssjef

Karoline Walsøe Egholm
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Karoline Walsøe Egholm

Mottakarakar:
Tokke kommune

Kopi til:
MTM Anlegg AS